

# LOV OG EVANGELIUM

Oppbyggelig blad gitt ut av Norsk Luth. Lekmannsmisjon

Nr. 5

oktober 1970

6. årgang

## Går det an å legge om form og karakter i forkynnelsen uten samtidig å miste sannheten?

Av og til i lengere tid har det hevet seg røster som spør om det snart ikke er på tide å ta i bruk en ny form og karakter i den evangeliske forkynnelse, slik at den kan nå og få kontakt med det moderne menneske. Slike røster kommer fra de forskjellige kristelige menigheter i vårt land. Og vi fester oss ved følgende: Det nytter ikke lenger å preke den gammeldagse kristendom. Det finnes snart ingen som vil gå å høre, hverken gammel eller ung, det må noe nytt til, noe som engasjerer og fanger. Det gjelder å møte nåtidsmennesket i den tilstand det befinner seg, med sin skolering og intellektuelle visdom, med sine behov, sin nytenkning og vurdering, ja, med hele sitt vesens trakten og higen. Det finnes en lærebok i kristendomskunnskap hvor forfatteren sier omrent slik: I begynnelsen av den nytestamentlige tid talte apostlene til den tids mennesker i deres spesielle stilling og etter deres behov og tankegang. I dag må det tales til menneskene i den stilling de nå befinner seg, med sine mange krav og tenkemåte. Vi må forstå dette slik at forkynnelsen bør tilpasses etter tids miljø og mentalitet og den teknologiske og videnskapelige standard.

Skal vi summere disse tanker så får vi dette resultat: Det som var nådens og frelsens underbare ord, det som var veien, sannheten og livet på apostlenes tid, det gjelder altså ikke for dagens mennesker. Dagens bilde

viser at disse nye toner har fått innpass både her og der, som supplerende midler i forkynnervirksomheten. Vi skal ta for oss noen retningsvisende eksempler:

Etter det avisene kunne berette, hadde Oslo Indremisjon for litt siden en fest der et poporkester underholdt med sang og spill. Orkesteret ble ivrig applaudert ~~av~~ <sup>med</sup> den gamle garde, het det.

En mødreforening innbyr til hyggekveld. Program: Andakt. Sketsjer m.m. av underholdningsgruppen. Utlodning. Kristelige ungdomsklubber sier det slik: Ungdomskveld. Program: Spill. Lek. Billedbånd. Coca-pause. Andakt.

Det blir også holdt såkalte eksperiment-gudstjenester, der våre gamle åndsfulte salmemelodier er gjort om til pop-rytmer og som blir framført av en gjeng som har lært seg denne kunst å avgive heslige, uartikulerte lyder, som blir kalt sang, med tilsvarende musikk. I kirker foregår denne oppvisning.

Så er det dannet kristelige skolelag i gymnas og ungdomsskoler. Det er elevene selv som legger opp program og leder disse lag — berettes det. Lagene har også andakt med i disse opplegg, og en av elevene tar seg av prekenen.

Dersom denne ungdom hadde gått igjennom en sann omvendelse, var født på ny og hadde fått den Hellig-Ånds gave, ville en slik virksomhet være som en lysende verde i det

mørke som omgir oss, men vi har nok heller grunn til å frykte for at gjenførelsens under mangler. Kjødets og øynenes lyst er en slem fiende å få bukt med, og det er minst besvær å gå med strømmen slik i det hverdagslige. Men den som ikke vender seg bort fra denne verdens skikk, lever fremdeles i det gamle menneskes syndige vesen. Dette gjelder alle, både unge og eldre.

Det er vel så, at disse nye og fremmede veier i kristelig og moralskapende virksomhet har det mål for øye å samle folk, særlig ungdom, under Guds ords hørelse og påvirkning. Dernest gjelder det å aktivisere de unge i god positiv retning, om de kunne bli bevaret fra å komme ut i et miljø hvor de ble ledet til usædelig adferd og forbryterske handlinger. Mange går med håp i sitt hjerte om et godt resultat.

Men så melder det seg et meget alvorlig spørsmål: Ser Gud med velbehag til en slik dyrkelse av hans ord og navn? Vi vet jo, at skal vi ha det rette sjelegavn av å samles om Guds Hellige ord, så må Herren selv være tilstede med sin velsignelse. — Uten meg kan dere slett intet gjøre, sier Kristus.

Gud krever et ærlig hjerte og en ren og frysksom omgjengelse av sitt ord, ikke sidestilt med eller oppblandet med verdslig lyst.

Derfor har vi grunn til å engstes for at Gud trekker seg bort fra samlinger der en slik blanding foregår.

Denne lette og overfladiske omgang med det Hellige Guds ord kan godt føre til at ærefrykten for den almektige, nådige og rettferdige dommer blir sløvet og derigjennom kan det legge seg en tåke for sannheten, slik at Gud blir betraktet som en tøyelig og føyeelig gammel mann som det går an å ta med seg over alt, nærmest som en kausjonist for alle tilfelle skyld.

Vi spør i overskriften. Går det an å legge om form og karakter i forkynnelsen uten samtidig å miste sannheten?

Vi kan trygt svaré et klart og fast NEI! på

dette spørsmål. «Gud og hans ord er uforanderlig! Gud er i går og i dag den samme, ja, til evig tid! Ikke en tøddel av loven skal forgå så lenge verden står! Forbannet være den som legger noe til, eller trekker noe fra i det som er skrevet i denne bok!»

Disse skriftsprøg sier oss tydelig, at det som måtte skje med et menneske for å kunne motta syndernes forlatelse og bli arving til det evige liv, på apostlenes tid, det gjelder med samme gyldighet for oss som lever i dag. Fordi vi har med uforanderlige ting å gjøre, så må fortolkningen av ordet og forkynnelsen også være og bli som den var i begynnelsen. Det opprinnelige vidnesbyrd er den preken som Gud har befalt og som han har behag i, fordi han har åpebart dette for oss gjennom sin enbárne sønn, Jesus Kristus, vår Herre. I dette gamle vidnesbyrd ligger den sanne veiledning for alle mennesker til alle tider! Men det moderne menneske kaller denne urokkelige stadfestelse for gammeldags kristendom.

Jesus Kristus har i sin omsorg og kjærlighet advaret oss mot å klyve over muren, forsok på å omgå Guds vilje og lov, gjør vi det, faller vi ut i det ytterste mørke, hvor det er gråt og tenners gnissel!

Et lite bilde: Vi blander en deig av mel, gjær og melk, og denne deigen vil vi lage brød av. Og hvis vi ønsker oss brød, må deigen stekes. Det nytter ikke å få brød med en annen behandling eller på annet vis. Dette er en uforanderlig lov som vi ser for våre øyne og som vi må bøye oss for, likesom vi i ydmykhet må bøy eoss for den åndelige lov. Vi må med sorg bekjenne at det står dårlig til i blant oss, både moralsk og i Kristi Ånds bevisning. Og grunnen til at vi er kommet så langt ut er laren om det frielivs utfoldelse. Sekulariseringens frukt har begynt å gå til full modning.

Det skal komme en tid da menneskena skal vende seg bort fra den sunne lære og tro på fabler og eventyr og spotte sannhetens vei.

**Bladet Lov og Evangelium**

Utgjevarpoststad : 5400 Stord

Red. Amund Lid, tlf. 75. Norheimsund  
Eksp.: M. Skumsnes, Horneland, Stord  
Postgiro : 42887, Stord

Bladet blir sendt gratis til alle som sender eksp. namn og adr. Blir halde opp med friviljuge gaver

*Norsk Lutherisk Lekmannsmisjon :*

Formann : Olav A. Dahl,  
boks 95, 5401 Stord. Tlf. 69  
Kass. Sverre Bøhn, Norheimsund  
postgiro nr. 68213  
Bankgiro : Vikøy Sparebank,  
Norheimsund 3530.07.09492  
S. Botnens Boktrykkeri, 5401 Stord

ved Ordet. For meg personleg har det hatt mykje å seia at Djwang Shui-Mu, som han heitte før dåpen, kom til meg. Det har mange gonger gleda og oppmuntra meg å merka åndssamfunnet i bøn og bibellesning og belstudie.

Ein av hans vene, Ho Gwang-Hung (utt. hong), også ein student, som forresten tok fin Cambridge eksamen nå ved årsskiftet, kom også trutt til samver om Guds ord og oversettjing til kinesisk, så lenge han var heime her i Kuala Lipis. Eg ser på han som dåpskandidat nummer to. Han fortalte ein annan kar i Kuala Lumpur (hovedstaden) at det var Dao-Sheng som føerte han til trua på Kristus. «*Frukt som varer ved*». Eg likar det uttrykket! — — —

Far til Gwan-Hung har trua han med å ikkje hjelpla han meir, om han blir ein kristen. Han bur hjå bror sin i K. L., samtidig som han sokjer etter arbeid. Når eg har vore i K. L. nokre dagar, så har eg fått mykje nytte av han i språket, og han har gleda seg over dei gode norske songane som er sungne inn på lydband på kinesisk. Me har då også gått ilag til ei bra kyrkje der.

Både han og Dao-Sheng har fått smak på Hallesby sine bøker : Samvittigheten, Religiøs eller Kristen bønn, Kvifor eg er ein kristen, som er å få her både på kinesisk og engelsk. Og dei spør etter fleire. Det ser eg som eit godt teikn.

Elles så er det nok få og ingen vaksne, så langt eg veit om, som regelmessig kjem til møta eller lyder til sangane mine over megafonen. Det er helst barna som flokkar seg omkring meg. Og nå syng ein del av dei i Jerkoh, Bubu Est I., og nokre få også i Budu Est II., og forholdsvis mange her i Kuala Lipis ein tre til fire sangar sjølve. Vonar at far og mor i heimen, og syskina lyder av og til når barna syng : «Ver forsiktig min hånd hva du gjør. Ver forsiktig min munn hva du sier. Ver forsiktig mitt øre hva du hører. Ver forsiktig mitt hjerte hva du tenker.» Og ein an-

## Årsmelding frå A. Bø i Malaysia

Kjære styremedlemer og årsmøte-lyd. Jesus sa til sine : «De har ikkje utvalt meg, men eg har utvalt dykk, til å gå ut å bera frukt, — frukt som varer ved.» (Johs. 15, 16). Og vidare hans allmektige løfte : Eg har fått all makt i himmel og på jorda, gå derfor ut og driv misjon ! *Eg er med dykk alle dagar så lenge verda står!*

Med takk til nådens Gud kan eg dette året mælda om synleg resultat av vårt misjonsarbeid her. Ein ung student, fødd 6. febr. 1950 blei døypt av meg første påskedag, og fekk namnet Dao-Sheng — som tyder født til liv

Den hele menneskehett er allerede langt inne i en slik tid nå ! Gud hjelpe oss ! Amen.

*Aksel Paulsen*  
(Etter Haugianeren.)

nan sang som dei fleste barna i gata her kan: «Kom til Jesus nett no ! Jesus kallar deg nett no ! Jesus elskar deg nett no ! Jesus frelser deg nett no ! Tru på Jesus nett no ! Lær Jesus å kjenna nett no ! Fylg Jesus heilt til slutt, heilt til botnars.» Likeeins eit sers godt evangelisk vers, som nok er lite kjent i Norge : «Venn hør denne gode nyheten : Jesus kom frå himmelen for å frelse deg ! Hør ! Hør ! Hør ! dette glade budskap : Jesus Kristus, Jesus Kristus, kom til jord for å frelse meg og deg !» Då pleide eg gjerne sjå ein eller annan rett inn i augo og kanskje peika på vedkomande.

Desse songane står i den kinesiske sangboka nr. 443, 170 og 189. Eg har ennå att ein ti-tolv av dei.

Nå har eg fått meg lydband. Det er ei gåve frå syskina mine. Ein ven frå tida i Kina har songe inn desse sangane eg har nemnt ovanfor og fleire nyare oversette, så kan eg spara stemma mi om eg skulle bli forkjøla, slik som det hende meg sundag den 5. juli. Og elles så syng gjerne både barna og eg ilag med lybandet. Det likar dei små, for dei kjenner sangane att.

Gud er god ! Han skal ha takken og æra ! Tenk på dei rike løfter han har gitt oss : Sjå eg er med dykk alle dagar ! Eg har sett dykk til å bera frukt, frukt som varer ved !

Og tenk, nå kan me syngja den songen på kinesisk : «Hvor to og tre forsamlet er i namnet ditt, o Herre, der vil du selv oss trede nær og midt i blant oss være. Du ennu hint det under gjor og kommer innad lukket dør til alle dine kjære.»

Dermed har Gud stadfesta Lekmannsmisjonen her ute ! Med andre ord : Grunnen er lagt til ei Luthersk lekmannsforsamling her ute i Kuala Lipis. Såg i dagboka mi at første møtet eg hadde i Jerkoh (soldalen) var den 1. aug. 1967, og første møtet i Budu Est .avd. I var dagen etter. Men noko synleg resultat i desse nesten tre åra, kan eg ennå ikkje sjå, utan det eg nemnde før at nokre barn har

lært å syngja og at dei ikkje er redd «Bøen» lenger.

Når dagen tek til å svala litt i femtida om ettermiddagen har eg av og til sykla til fleire stader nær byen her : Chwen-Hwa-Ylien (vårblomsttunet), Er-Li-Lo minus, Er-Li-Lo to mil borte og Er-Li-Lo pluss, ligg alle langs Pahang hovudveg sør mot Benta-Jerkoh. Ved «dei femti hus» ti minutt å sykja mot N. V. her frå, og ein stad bak ein skule rett mot nord, og dertil i eit skogholt, er også ei husrekka eg lett kan koma til.

I Er-Li-Lo minus var det ein gong ei bra flokk vaksne attåt barna som lytta til vitnemålet mitt og sangane og forklaringa av dei. Det var ein som spurde : *Når kjem du att?* — Og vistnok same karen : *Kvifor kjem du ikkje oftare?*

I «Vårblomsttunet» var det ei ung mor med barnet på armen som gav meg eit riktig godt spørsmål når eg talte om Jesus på krossen : *«Kvifor måtte Jesus døy?»*

Ein kveld eg var i skogholtet sang eg om «himmelfolka» som ikkje blir trøytte, som ikkje gret, som ikkje blir sjuke og som ikkje dør, men som alltid blir fornya og aldri blir gamle, då merka eg nokre kvinner som hørde godt etter. Det gav meg mot og gjorde meg godt å merka. Eg blei med andre ord av med noko. Det var forresten ei spent tid her i Malaysia. Ei av dei som etter den tida alltid helsa på meg, er nå flytta nær til Er-Li-Lo.

Så vil de sikkert framleis hugsa på arbeidet både med bøn og offer. Takk for at de alt har gjort det i året som gjekk !

Helsing med sang nr. 157 (best er den forresten i «Verden for Kristus» !) og nr. 143, som nå både blir songen på kinesisk både her og i Sør Korea.

Dykkar utsending

*Andreas A. Bø.*

# Verda sine barn og Gud sine barn

Av Amund Lid

Bibelen talar mykje om verda sine barn, og kanskje ennå meir om Guds barn. Og han set eit klart skille mellom dei. Så lenge me lever her i verda eit åndeleg skille, og etter døden ein avgrunn som ingen kan koma over (Luk. 16, 26). Dette skille trur eg ikkje alltid står så klart for oss, anten me høyrer til verda sine barn eller me er Guds barn. Men av Skrifta ser me at Jesus hadde alltid dette skille for auga. *Ve over dykk, sa han til verda og dei som høyrd verda sine barn til, men til Guds barn lydde det: Sæle er de! Ta fyre deg ei bibelordbok og slå opp på Ve! Veer, Ve-rop og på Salig, då vil du sjå kva for eit skille og ein avgrunn der er mellom verda sine barn og Guds barn.*

Skille er stort alt her, men blir ennå større etter døden eller ved Jesu etterkoma. Jesus seier at ein dag skal det lyda: Kasta dei ut i mørke, utanfor, der dei gret og skjer tenner, der ormen aldri dør og elden aldri sloknar. Men til dei salige Guds barn lyder det: Gå inn til gleda hjå Herren din.

Bibelen talar klårt og tydeleg, så ingen skal kunna misstyda det, når han dreg grenselina og skille mellom verda sine barn og Guds barn, dei vantru og dei truande, dei eigenretførde og den rettferdigjorde og frelse syndaren, den som lever under lova og den som lever under Guds nåde, vredens barn og nådens barn o.s.v.

Men når det gjeld forkynninga i vår tid, så er eg redd at basunen gir uklar lyd og at skille blir utviska og ofte heilt borte. Når ein høyrer på det som blir forkynnt i kringkastninga, i kyrkjer og bedehus, så høyrer ein nok mange gode og bibelske sanningar forkynnt, men ein må ofte tenkja og spørja: *kvar var skille?* Der blir tala som om alle var gode kristne, og skille som Bibelen set blir utelate

og den ransakande ånd blir borte frå forkynninga og forsamlinga. Av slik forkynning kan ingen sjå kvar dei personleg står i sitt forhold til Gud, og ingen vaknar opp i sine synoder slik at dei kan bli frelst.

Eg er redd at det blir sett opp andre skille enn dei Skrifta set. Noken set skille mellom døypt og udøypt, andre mellom omvend og uomvend, etter andre mellom vedkjennande kristne og dei som ikkje vedkjerner seg kristennamnet, mellom dei me kallar vantru og dei som trur på Gud og hans ord o.s.v.

Men skrifta viser klart at skille mellom frelst og ufrelst går ikkje i slike ytre ting. — Skille sit i hjarta, korleis det stiller seg til Jesus og bodskapen om Han, bodskapen om Lammet og ordet om krossen, til Andens tale og overtyding når han talar om synd og nåden i Kristus. Sjå berre på korleis dei skilde seg på Jesus når han forkynnte for dei. Sjå for eks. Luk 15: Alle tollmenn og syndarar heldt seg nær innat Jesus og lydde på han. Men farisearane og dei skriftlærde murra og sa seg imillom: Den mannen tek imot syndarar og et ilag med dei! Då fortalte Jesus dei likninga om den bortkomne og heimeverande sonen. I dei to sónene let han dei få sjå bilete av seg sjølv.

I denne likninga er faren bilet på Jesus, den heimeverande sonen er eit bilet på Farisearane og dei skriftlærde som murra mot Jesus, og den bortkomne sonen på tollmennene og syndarane som heldt seg nær inn til Jesus og lydde på orda hans. Skilnaden på desse to sónene var nok stor i det ytre og menneskelege, men skilnaden var ennå større når det gjeld hjarteforholdet til Jesus. Den bortkomne sonen hadde eit hjarta som erkjente si synd, oppsøkte Jesus, fekk og tok imot miskunn, tilgivelse for syn-

dene og blei frelst av nåde, og derfor elskar Jesus. Den heimeverande sonen hadde derimot eit hjarte som trudde han aldri hadde gjort imot Guds ord, som syntest han ikkje hadde fått det han fortente, for han hadde ikkje fått så mykje som eit kje til å gle seg over saman med *sine vener*, eit hjarte som var bittert mot Gud for han var miskunnsam og nådig mot syndaren, som ikkje tok del i gleda over han som var bortkommen, men attfunnen, som var død men blei levande.

Har hørt at den heimeverande sonen blir oppsett som ideal og bilete på ein sann og rett kristen som aldri har vore borte frå Gud. Der må vel Jesu ord passa: Når ein blind leiser ein blind, fell dei båe i grøfta. Kor kan du tenkja at ein med eit slikt hjarta og sinn kan trivast i himmelen? — når han ikkje ville gå inn blant dei freste her på jorda og gleda seg saman med dei over han som blei frelst av nåde.

Er du eit verdens barn, eller eit Guds barn frelst av nåde? For at du skal kunna svara rett på det, vil me prøva å gi eit bilet av dei ut frå skrifter, slik som den talar om dei.

### **Verda sine barn.**

Eit naturlegt menneske, slik det blir født inn i verda, er av natura eit verda og vreiden sitt barn (Efes. 2, 3).

Verda sine barn lever alle under, og blir drivne av, den ånd som høyrer verda til. Men me har ikkje fått *den ånd som høyrer verda til*, men den ånd som er av Gud (1. Kor. 2, 12) Verda si ånd blir ofte kalla *tidsånda*. Bibelen seier at det er den ånda me nå ser verksam i vantrua sine barn, og som viser seg i det at dei gjer det som kjøtet og tankane vil, gjør det som dei har lyst til i fylgje si natur (Efes. 2, 1—3). Det som serpregar tidsånda eller verda si ånd, *det er å vera lik dei andre*. Tenk berre på *moten*, tida sin store avgud. Det å vera som dei andre i klær, hårfrisyre o.s.v. Det som ikkje er etter moten er ubrukeleg og uselgjeleg, og kjem inn under det Bibelen

kallar fråtseri. Og slik blir det på alle område, der verda si ånd rår er dei levande redd for å skilla seg ut frå dei andre. Då barna våre var små, kom dei ofte gråtande heim: *Kvifor skal me alltid vera ulik andre?*

Dette gjeld ikkje berre dei som skaffar seg fjernsyn, bil, hytta, båt og andre ting dei ikkje har rå til og bruk for, men det gjeld også det åndelege synet og måten å leva på i verda. Skal du ikkje skilla deg ut frå dei andre så må du anerkjenna og vera med på verda sine interesser, fornøyelser og sjeleføda, med andre ord kalla det vonde godt.

Verda er også religios og kan vera med i humanitert og kristeleg arbeid. Men det er verda si ånd, syn og sinn som rår, og verdslege og kjøtlege våpen, arbeidsmidlar og arbeidsmåtar blir tekne i bruk. I slike kretsar blir det tala mykje om å vera tollerant mot andre og vidsynt. Men kjem det inn der ein som er frelst og blir driven av Guds Ande, som ikkje kan anerkjenna og vera med på deira syn og arbeidsmåte, då er det lite å sjå av tolleransen dei talar så mykje om. Naturleg religiositet, uten gjenføelse, er färlegare for eit Guds barn enn verdslegdom. Jesus sa til sine: Framom alt anna, ta dykk i vare for farisearsurdeigen — det vil seia den religiøse og verdslege ånd.

Den religiøse og verdslege ånd krinsar alltid om menneske, kva slag menneske me er, og korleis me lever. Det kjem fram av Simon sine tankar: Var denne ein profet. så visste han kva menenske ho er. (Luk. 7, 39). Simon vurderte seg sjølv og kvinne, ut frå kva menneske dei var, men Jesus ut frå hjarta si tru og kjærleik til Jesus. Farisearen i templet gjorde det same, med den forskjell at han vurderte ut frå det *Gud hadde gjort han til*.

Verda si verdslege og religiøse ånd toler ikkje ordet om krossen, og den Heilage Ande som overtyder om synd, den ransakande ånd som viser oss vårt sanne forhold til Gud. Dei murra mot Jesus og hans forkynning, for han

dørnde ikkje berre synda, men sette og ein strek over det som menneske rekna for godt. Han stengde *alt menneske sitt inn under synd*, så det som var lova skulle bli gitt dei som trur på Jesu død og blod for ei syndig og fortapt slekt.

Den slags forkynning tolde ikkje verda og verda si ånd, sjølv om det var Guds eigen son som forgynnte for dei. Har du ikkje lært å tru på og elska den forkynninga og det evangelium, så høyrer du enn å til verda og er eit verdens og vredens barn liksom dei andre.

### Guds barn.

Det er alle dei som tok imot Jesus og blei født av Gud, dei gav han rett til å kallast Guds barn (Johs. 1, 12—13). Det er dei som trur på namnet hans, og som alle har fått av hans fullnad, og det nåde på nåde. Om dei heiter det: Sjå kor stor kjærleik Faderen har synt oss, at me skal kallast Guds barn, og det er me. Derfor kjenner ikkje verda oss, av di ho ikkje kjenner Jesus (1. Johs. 3, 1).

Eit Guds barn kjenner me ikkje lenger etter kjøtet, men etter den Ande Gud har late bu i oss. Me høyrde ovanfor at me har ikkje fått den ånd som høyrer verda til, men *den ånd som er av Gud*, så me skal kjenna det som er oss gitt av Gud. I 1. Kor. 2 les me om Guds frelse og visdom som han har gitt oss i Jesus Kristus og han krossfest, den som ingen av verda sine barn kjende, for dei krossfeste Jesus, — herlegdomsherren. Deira auga såg ikkje og deira øyra høyrde ikkje, og det kom ikkje opp i deira tanke, det som Gud hadde etla dei som elska Jesus. Slik er verda sine barn også i vår tid.

Men for oss, som er Guds barn, *har Gud openberra det ved sin Ande*, så du har teke imot det, trur på det og elskar dette evangelium.

Den åndelege dømer alt, men sjølv blir han domt av ingen, og han har Kristi sinn.

Er du eit Guds barn, då dømer du deg sjølv som Guds ord og Ande gjer det. Som men-

neske bur det inkje godt i deg, og du er utan evne til å gjera det gode, eit fordømt og fortapt menneske. Men så trur du også at der er ingen fordømmelse for den som er i Kristus, for Jesus gjekk inn under domen i din stad.

For alle som blir drivne av Guds Ande, dei er Guds barn (Rom. 8). Då har du ikkje lenger trældomens ånd, som gjer at du fryktar, men då har du fått barnekåret si ånd. Du eig tru og tillit til Gud som far, til Jesus og hans frelse, til Anden som overbevisar deg om deg og di synd og Guds ord om Jesus og frelsa i han. Guds ånd og di ånd er einige om at du er eit Guds barn, frelst av nåde for Jesus skuld.

Er du eit Guds barn, då har du del i Jesus og *hans sinn*. Ved dei dyre ord og løfte i Skrifta har du fått del i Guds natur, som viser seg i at du flyr frå den tyning i verda som kjem av lysta (2. Pet. 1, 4). Du fryktar og flyr frå verda si ånd, frå alt som kjem av synda og lysta. Då syng du med sangaren: «Redd jeg er for verden og redd jeg er for meg».

Guds barn eig eit sinn som syng: «Uverdig er jeg, Herre, til all din miskunnhet, jeg står så langt tilbake i barnlig lydighet, og må nå frukten smake i sår samvittighet — jeg eier kunn et hjerte, hvis hele håp er du».

Då eig du ei Ånd og eit sinn som fryktar sjølvbedraget, og bed som David: Ransaka meg Gud, kjenn mitt hjarta og prøv mine tankar, og sjå om eg er på fortapings veg, og leid du meg på den evelege vegen.

Til sist hadde eg hug å koma med ei formaning til deg som er ung som Guds barn. Fly frå verda si falske ånd, verdslege ånd og religiøse ånd, for den er fárlegare enn du ennå forstår. Og som ung og urøynd i livet sin harde strid — trua sin gode strid — så har me lett for å undervurdera fienden og overvurdera våre eigne krefter. «Fly til den fristaden skjonne, til frelserens vunder og sår.»

# Sjelesorg

Av Vincent Færevåg

(Framhald frå forrige nr.)

Då kjem me fram til det andre, som er emne for denne timen, sjelesorg. Der ser ein skuldkjensla, angstn og nevrosen i forhold til Gud.

Eg synest det ligg to ting i ordet sjelesorg. Det første er *sjela si sorg*. For å sjå kva det er som skapar denne tilstand, så må me leita oss attende til den tid då sjela var sunn og frisk. Her er det eg synest psykologane reknar feil, ja, eg er viss om det. Dei reknar med at barnet var sunt og friskt til kropp og sjel ved fødselen, og dei som skapar angstn er det barnet opplever frå fødselen og framover. Dei reknar med at mykje av den angstkjensla me møter mellom folk i dag kjem frå slike ting som har skremt barnet før det var bevisst, før det kunne registrera, før det kunne vurdera. For eksempel at det vart skremt av ein hund, og dei skapte ei frykt for hundar som ikkje kan registrerast eller forklarast men den ligg der. Med andre ord så reknar dei med ei sunn og frisk sjel ved fødselen.

Men me som les Guds ord veit at her tek dei feil. Me må leita oss lenger attende. Der er heller ikkje vanskeleg å sjå kor langt attende me må gå, for tanken fell utan vidare på dei første menneske i Edens hage. Det ser ut for å vera klårt at samspelet mellom Gud og menneske var normalt då, utan antydning til disharmoni. Mange gonger har eg i stille stunder prøvt å tenkja meg attende til Edens hage før syndefallet. Eg veit det går ikkje, for eg manglar evne til det. Men det ligg som ei dragande makt i sjela — tenk å vera i full harmoni med den levande Gud. Der var ingen ting i natureun eller menenskelivet som viste at der er noko som heiter synd, forban-

ning og død. Tenk fri for alt dette — —, eg, som er full av synd. Det Gud ville då, det gjorde menneske, og det menneske gjorde var vel lika av Gud — tenk det. Ordet sjelesorg var ikkje aktuelt då, for ingen hadde bruk for det.

Så kom ormen buktande, og desse to menneska møtte eit sjele- og åndsangrep. Då fall skuggen inn over menneske sitt sjelliv, og den kalde skuggen som ligg over menneskeslekta, den tok til der. Ormen og Eva tok til å pruta om Gud, der i skuggen vann freistaren, og synda kom inn i verda. Kva så? — jau, det indre åndslivet reagerte ikkje sunt lenger fordi det reagerte ikkje rett i forholde til Gud. Vidare ser me at menneske blei slittne laus frå Gud, eller som Guds ord seier det at dei døde i synder og overtredelser. Det vil seia at dei trudde løgna framfor sanninga.

Men vårt åndsliv slutta ikkje å eksistera. Det er der framleis, men det tok til å reagera feil på alle ting. Når det gjeld det at menneske er fødd under synd og reagerar feil på alle ting, der synest eg Guds ord talar klårt. Det er vanskeleg for oss å godta det, men det er alikevel sant. Me ser det også på barnet som tek til å leva, kor det reagerar feil, det er sjølvisk, har lett for å lyga, lett for å misforstå, og trur lettare løgna enn sanninga frå dei er ganske små. Det ligg i vår natur, fordi den er øydelagd og komen ut av samspelet med Gud. Dette er menneske si store ulukke, som me er fødd inn i.

Fallet bor tfrå Gud skaper eit sjelesår som smertar og blør. Eg trur det er Augustin som seier at mennesket er skapt til samfunn med Gud, og at menneskehjarta er uroleg til det finn kvila i Gud. Når eg ser menneskeslekta frå denne synstaden, og kjenner kor såret og smerten ligg over tida i dag, då ropar det i hjarta mitt om nåde til å kunna visa noken inn til fred, kvila og harmoni med Gud igjen. Eg har tenkt på dette som ei grein som får eit sår, og frå såret renn livssafta og livet ut til greina visnar. «Mi livssaft turkar ut som

i sumarturken», seier ein som ligg der og syrgjer.

Det ser ut for å gå so nokolunde for mange menneske i årevis, ja, livet til ende. Dei smør på salve og set plaster på, men det lækjer ikkje. Forige veka besøkte eg ei kvinna på sjukehuset, ho hadde kreft i andlitet, og dertil var ho åreforkalka så tanken var ikkje så klar. Såret var ulækjande, men ho stelte om det best ho kunne, for å få det til å smerta minst mogeleg og til å visa så lite som rå var. Men om det lukkast langt på veg, så bar det døden i seg. Slik steller mange menneske med sjelesåra sine.

Men for enkelte — kor mange veit ikkje eg — kjem det ei tid då deira indre menneske blir drege inn i Guds lys i møte med Gud. Då hender det to ting. Ein kjem til å kjenne at alt i meg som skaper frykt, alt i meg som skaper smerte, *det er synd mot Gud*. Det står i Rom. 3, 20 at ved lova kjem ein til å kjenne synda. Det er eit forferdeleg kjennskap. Så lenge ein kan gå der og forsvara synda, leggja klutar på, eller prøva få ei ny drakt på, så lenge kan det gå på ~~at~~ vis. Men når Gud riv maska bort og du står inne for Guds heilage andlet i di synd, det er ei forferdeleg oppleving. Der har eg vore, og det verste eg har møtt er meg sjølv i Guds lys.

Me kjem til å kjenne ein ting til, og det er vår avmakt og hjelpeleysa både overfor Gud og overfor synda. Me kjem ikkje så langt på det menneskelege plan, som i sjukdom, på det økonomiske, i barneoppesdinga osv. før me møter avmakta og hjelpeleysa. Men verre er det å stå inne for Gud og ikkje kunna svara eit til tusen, når kvar einaste synd er nok til å senda meg til fortapinga sin evige gru.

Berre ei synd er nok, og her er det frå hovud til fot, hjertets innerste rot. Det er sjelesorg — sjela si sorg.

Me veit at det lova talar, det talar ho til dei som har lova, så kvar munn skal tagna og heile verda bli skuldig for Gud. Tenk om

det kunne henda idag at folk tagna overfor lova sin veldige tale, då var der von for våre byar og bygder. Men folk snakkar, forklarar, og snur seg frå ansvarsforholdet og så står lova og Gud maktlaus, og satan er verksam, medan sjela er i sorg. I denne stoda har sjelesorga sitt største mål, i vonløysa - vonløysa i sitt åndelege liv, ei sjuk, blødande og skrikande sjel. Mange menneske kjenner seg att i det som står i Esa. 6, 5: «Usel er eg! No er det ute med meg, for eg er ein mann med ureine lipper, og eg bur mellom eit folk med ureine lipper, og augo mine har sett kongen, Herren, allhers Gud». Det er sjelesorga i si djupaste fornedring — vonløysa. Der er det me møter dei som seier at alle dei andre kan bli frelst, men ikkje eg. Då er det ikkje berre munnen som plaprar, men det er sjela som lir.

### Sjeleomsorga.

Det andre som ligg i ordet sjelesorg, det er sjeleomsorg. Skal slike menneske bli frelst, må dei møta sjeleomsorg i si naud. Når me talar om sjelesorg så tenker me oftast på sjeleomsorg. Då har det vorte godt for meg å sjå at denne omsorga tek til i Guds eige hjarta, og ikkje her på jorda. Den tanken har gripe meg at det er ikkje berre syndaren her på jorda som ber på sår og sorg etter synda, men *det gjer også Gud*. Det står i 1. Moseb. 6, 5—6: «Og Herren såg at vondskapen var stor hjå manneætti på jordi og at alt dei tenkte og emna på i hjarto sine, det var berre vondt all dagen, då angra Herren at han hadde skapt menneske på jordi og han var full av sorg i hjarta.»

Syndefallet skapte eit sår i Guds hjarta over den falne skapningen, om me har rett til å seja det slik. Gud missste sin kjæraste skapning, og var full av sorg i hjarta. Dette er sjeleomsorg.

Å, kor eg er lukkeleg fordi denne omsorga er fødd i Guds hjarta. Her kan me minnast greina eg nemnde med sitt opne, blødande

sår. Blir ei grein avbroten, så blir også treet såra og får eit motsvarande sår som blør. I greina er det berre den vesle safta den mottok frå treet som renne ut, og greina dør. Men treet har framleis liv i seg. Slik er det med Gud når han blør i si omsorg for sjelene, så har han livet i seg. «I han var liv, og livet var ljoset åt menneske.»

### Kva er sjælesorga sitt mål?

Det er ganske enkelt å få forbindelse med Gud i orden att. Skrifta fortel at vårt sjælesår er så ureint at det kunne ikkje leggjast inn til Guds sår og gro saman. Det gjekk ikkje fordi me er falne, ureine og øydelagt.

Guds hjartelag og omsorg visar seg i to ting som måtte gjerast. Det første er at synda måtte få si straff, som er døden. Skulle Gud la straffen gå ut over oss, som hadde fortent den, då blei kvar ein av oss dømt til evig fortaping. Du — dette kjem nokon menneske til å oppleva, å stå ansvarleg framfor Gud med sine synder og bera domen sjølv. Eg har bede Gud om å la noko av denne sanningga gripa meg slik at sjæleomsorga blei født i mitt hjarta, for eg synest stundom eg har så lite av omsorg for sjelene.

Men Gud valde å la straffen gå ut over ein stedfortredar, ein som han sette inn i min og din plass, inn under vår dom, og let han smaka døden for alle. Det gjorde Gud. Dette er sjælesorg og omsorg i praksis.

Men Gud må gjera ein ting til. Han lyt røra ved den syndeskorpa som ligg over hjartesåret så det tek til å smarta og blø, slik at me tek til å skrika — ikkje etter salve eller plaster — men etter lækjedom.

Eg har vore bort i litt av kvart, også litt gartneri, og når eg tenkjer på det, ser eg for meg gartnaren og potekvisten med ein skitten sårflate etter den tida han blei skild frå treet. Eg ser og for meg gartnaren når han tek stamna for seg og legg ope eit blødande sår med kniven sin — slik er det også med Guds hjarta og frelsarens sår. Så tek gartnaren

den vesle dødsdomde potekvisten og skjer såret reint — slik gjer Gud med meg og deg, han skjer reint i hjartesåret. Det vil seia at han let oss sjå oss sjølv i Guds lys, slik at livssafta blir lagt open og hjartesåret skrik etter lækjedom. Dette synest eg er fint. Gamle Ivar Solesnes sa ofte at når du får leggja ditt sår inn til Jesu sår, då blir det lækjedom. Her hadde eg hug å vitna om då eg kom med mine skitne og blødande sår og fann iækjedom i Jesu sår.

Når safta flyt frå treet til kvisten vil der om ei stund veksa fram eit lite blad, då veit gartnaren at nå er der liv. Det er sårt å sjå dei mange sjælesyrjarar i vår tid som ikkje skjer reint såret, men dei prøver å leggja det gamle og ureine såret inn til stamma og binda fast og voksa over, og så blir det aldri liv og frukt. Dei blir ståande der som ein turr kvist.

Men du kor gildt det er å sjå eit lite grønt blad — ein lovsong til Gud ein takketone for fred og lækjedom i Jesu sår, merka gleda i Herren og Kristi vitnemål strøyma fram frå hjarta osv.

Her har me sett litt av to ting som Guds ord er fullt av, og det er lova sin gjerning og evangeliet sitt fullbrakte verk. Det er det som er sjælesorg. Korleis er det med deg, har du sjælesorg eller har du funne sjælelækjedom?

Mange gonger har eg fortalt om den kona som kom reisande og var i sjelenød, som ville vita om eg trudde ho var frelst. Eg svara at det kunne eg ikkje svara på, og om eg kunne og kva eg svara, så ville du misbruka det. Og for å gjera ei lang soga kort, så enda det med at ho fekk tru seg frelst. Men årsaka til at eg fortel dette er at ho sa dagen etter: «Nå kan du seia kva du vil, for nå veit eg at eg er frelst». Då hadde menneske si meining lite å seia lenger, for ho hadde fått sjælesorg og lækjedom hjå Gud. Du kor saligt det er når folk tek til å seia eg veit, eg veit at eg har gått over frå døden til livet.

Bøn : Herre, så veit eg så inderleg vel at dette er veike ord, men det er ei stor sak. Det var mi bøn og ynskje at eg rørde ved no-ko vesentleg, som Guds Ande kunne bruka. Ser du så nokon som kom her med sjælesorg då får du stella med «potekvisten». Å, om du på dette kurset kunne leggja di livssaft så open at syndaren fann den ! Eg veit at det er Andens gjerning åleine, men eg veit også at dei som skal vera lærarar her har du sett inn som Andens reidskap i denne store oppgåva.

Så prisar eg deg Himmelske Far, fordi eg veit at nettopp nå har du sjæleomsorg for kvart einaste såra og lidande menneske på denne jorda. Så ber eg deg, Herre, for min og for vår del, at du vil gi oss av «ditt ømme frelsesinn, mot slektens sorg og harm, lukk meg (oss) i dine smerter inn og gjer oss sterk og varm. Lær meg å skue med ditt blikk, hvert folk som liv og grenser fikk, og bære slektens nød og skam med kjærlighetens offerbrann, til døden tro», så me kan vera sjæle-syrgjarar med sjæleomsorg. Amen.

## Hvorfor ?

Hvorfor er du nedbøyet, min sjel, og hvorfor bruser du i meg? Bi etter Gud, for jeg skal ennå prise ham, sier salmisten i Salme 43,5.

Dagen kommer nok, da du skal få svar på dine «hvorfor». Da vil du gjøre den store oppdagelse at det var nødvendig til din frelse og oppdragelse, til å styrke din tro, din vekst i nåden, for å bevares fra fall og ukjente farer, at du måtte utholde prøvelser og lutrin-gens ild.

Du var kanskje blitt hovmodig eller slov i din omgang med Gud, eller stortenkt om dine nådegaver, ditt virke og arbeide i Guds rike. Eller en skjult gjerrighetsdjevel kunne ikke utsryddes med noe mindre. Eller du var blitt så glad i det jordiske, din eiendom, at det begynte å ligge nermere ditt hjerte enn

de himmelske skatter. Du hadde kanskje gått så langt på jakt med sannheten, for å vinne andre for himmelen, at du glemte deg selv.

Eller en mindre påaktet syndevane hadde sneket seg inn i ditt kvardagslege liv, som ikke Guds tuktende ånd fikk skille deg av med fordi du syntest at den godt kunne forenes med kristendom. Eller du holdt på gripes av en hedensk, vantro sorg for dette livs behov.

Om ikke noe av alt dette, så i det store og hele, fordi du ikke ville ofre alt for Jesu skyld. Herren går ikke inn på noen *særeiekontrakt* med sin brud. Eller du med ditt troskip var kommet i dødvann, og lå der og slingrede uten å komme av flekken, i gamle åndelige erfaringer, med oppbrukt lys både i sjelen og Guds ord, ferdig til å drive på land og bli totalt vrak.

Derfor måtte Herren sende en storm i dine seil, så skipet skulle komme til å lystre og la seg styre av Herren.

*Thormod Røttedal.*

## REISERUTER SISTE HALVÅR 1970

1. *Ole Brandal* : Bremnes (sommerskole og teltmøter), Sunnhordland. Saman med Dyrøy : Nordhordland, Sogn, Masfjorden, Nordfjord, Randaberg og Varhaug.
2. *Odd Dyrøy* : Haugesund og omegn. Saman med Brandal : Nordhordland, Sogn, Masfjorden, Nordfjord, Randaberg og Varhaug.
3. *Gudm. Hjorthaug* : Hardanger og Sannidal.
4. *Amund Lid* : Bremnes (sommerskole og teltmøter) Namdalen, Trondheim, Sunnmøre, Agder og Telemark.
5. *Reidar Linkjendal* : Oslo og omegn, til disposisjon.
6. *Godtfred Nygård* : Suldal, Foldøy.
7. *Margrete Skumsnes* : Reiser etter samråd med formannen.
8. *Olav Aakhus* : Til disposisjon.

